



Stemneplassen - vert han stengt?

**Eit nytt møte i går kveld om framtida for Stemneplassen ga inga løysing og den før så populære møtestaden er truga av stenging. Eit tilbod frå Kvinnherad Bygg om rehabilitering av betonghuset som er prega av tidas tann var ikkje eigna til å trøysta dei 7 som møtte fram frå ymse lag i bygda.**

**Kalkylen enda på 138 000 kroner for eit lag som snart ikkje har midlar til å dekkja dei faste utgiftene til straum, vatn og forsikring..**

Val av styre var ein programpost og her vart Ole Myhre, Kristian Bringedal, Selma Eik, Tormod Myklebust, Johannes Feet og Sigmund Myklebust utpeika.

Den årlege vårdugnaden skal gjennomførast som før og går føre seg 12.mai klokka 18.

Kristian Bringedal opplyste at det nok er mogeleg å få tilskot til finansiering av rehabilitering, men då må nokon vera villig til å at eit skikkeleg tak.

Tormod Myklebust konstaterte at utviklinga for Stemneplassen er eit resultat av at stadig fleire arrangement går føre seg inne og i sentrum. Han var inne på at rehabiliteringa kanskje kan skje i fleire fasar, med takreparasjon i fyrste omgang.

Björgulv Eik beklaga at det i si tid ikkje vart lagt skråtak på bygningen.

Fleire av representantene hadde sjekka interessa i sine respektive lag for å gjera ein innsats for plassen, men resultatet var diverre negativt.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen